

Oppad brukarforeining - OBF

Etter oppfordring frå Oppad AS og kundar av Oppad har det vorte danna ei brukarforeining som skal representere brukarane/kundane av Oppad. Hovudgrunnen til å opprett ei slik brukarforeining er å ha eit sterkt og klart talerør mot Oppad. Kundemassen til Oppad er i stadig auke, og det er difor viktig for eksisterande og nye kundar å kunne nå fram med sine problemstillingar og ønskjer.

Vi er ei foreining som skal ta vare på kundane sine interesser og halde ein kontinuerlig dialog med leverandør. Det vil heile tida være behov for utvikling av programmet med ny og forbetra funksjonalitet og nye utviklingsprosjekt osv. Ved å stå saman som kundar vil det være mykje enklare for oss å nå igjennom med våre ønskjer og meiningar. Vi kan då sjølv i stor grad være med på å styre utviklinga av programmet slik vi ønskjer.


OBF er ei frittståande foreining og skal ta vare på kundane i ein konstruktiv og skapande dialog med Oppad.

Mandat/arbeidsoppgåver

- Drøfte prioriteringslista for nyutvikling av programmet.
- Definere egne utviklingsynskjer.
- Drøfte de ulike endringsforslag kommunane måtte ha og prioritere blant dei.
- Fungere som eit kontaktpunkt for alle kundar av programmet.
- Være et kompetanseskapande forum for brukarar av Oppad-produkta i Noreg.
- Være med å planlegge seminar.
- Avhalde generalforsamling ein gang i året.
- Drifting og vedlikehald av OBF – sin brukarportal

Fordelar ved medlemskap av Oppad brukarforeining

- Større påverkingskraft.
- Tilgang til OBF sin brukarportal.
- Erfaringsutveksling/kompetansespreiing mellom medlemmane.
- Vere med på å forme framtida/utviklinga av Oppad saman med leverandør.
- Prioritere fram eit større utviklingsprosjekt i løpet av året.
- Deltaking og stemmerett i generalforsamlinga til OBF.



Brukarportal

Utan medlemskap vil ein få tilgang til informasjon om kva og kven OBF er gjennom denne portalen. Vedtekter, presentasjon om brukarstyret, korleis ein melder seg inn og litt info om kva kundane får tilgang til om ein melder seg inn i OBF.

Når ein har fått brukarnamn og passord får du som medlem tilgang til følgjande informasjon:


- Spørsmål/Svar teneste
- Kjente løysingar på problem kundar har vore ute for.
- Dokumentlager med referat etc vil være tilgjengelig.
- Det vil komme eit diskusjonsforum, og ein ”poll”-funksjon, der vi kan stille korte spørsmål og få litt statistikk.
- Interaktiv opplæring (filmklipp med tips frå programmet).
- Hendingskalender.
- Nyheitsbrev.

Dette er ein portal som er under arbeid og som vil bli lansert på generalforsamlinga/brukarseminaret til Oppad til hausten. Etter lanseringa vil det vere dykk som kundar som er med å forme og bestemme innhaldet til portalen.

Samansetting av Oppad brukarforeining.

Styret er pr. 20.09.10 samansatt slik:

- Frode Vik: leiar av brukarstyret
- Helen Asting: kasserer
- Anne Kari Ravlo: leder/kontaktperson for skole
- Grete Svarteberg Lundekvam: leder/kontaktperson for barnehage/SFO
- Therese Dahl: Styremedlem
- Sissel Aabrekk: Styremedlem
- Ketil Haaheim Syversen: Styremedlem og representant for Oppad
- Ingunn Kristiansen: Styremedlem og representant for Oppad
- Anne Mari Nytrøen: Styremedlem og representant for Oppad



Styret skal representere eit tverrsnitt av brukarane til Oppad på landsbasis. Her skal være representantar frå barnehage, grunnskule og etter kvart vidaregåande skule. Styreverva skal rullere mellom kundane av Oppad. På denne måten sikrar vi at alle som nyttar programmet blir representert gjennom brukarforeininga.

For å få til dette har vi organisert foreininga slik:

Det skal finnes 1 styre, med inntil 3 undergrupper.

Gruppe for barnehage og SFO

Gruppe for grunnskole

Gruppe for vidaregåande skole.

Undergruppene til styret vil bli valt på brukarseminaret til hausten.

Vedtekter for Oppad Brukarforeining

Sjå eige vedlegg (Vedtekter for Oppad brukarforeining.)

Orientering om kontingent til Oppad brukarforeining.

Oppad brukarforeining har som vedtektene seier 2 ulike medlemstypar. Kommunemedlem og enkeltmedlem. Enkeltmedlem er definert som ein skule eller ein barnehage som går til anskaffing av Oppad.

Medlemskap inngåas for et kalenderår av gangen. Medlemskontingenten fastsettes av generalforsamlinga for etterfølgjande år. For inneverande år (2008) vil det bli satt halv medlemskontingent.


Frå 2009 settes kontingenten til kr. 3.000,- per kommune med over 10.000 innbyggjarar og kr. 1500,- per kommune med under 10.000 innbyggjarar. Enkeltmedlem (ein skule/barnehage) betaler kr. 500,- per år.

Kontingenten skal i hovudsak brukast til dekning av reiseutgifter til styrets medlemmer, ved dokumentasjon på utgifter.

Utover dette er det dykk som medlemmer av brukarforeininga som skal være med å bestemme kva kontingenten skal brukast til. Det er opptil dykk som medlemmer å være aktive og melde inn til styret saker som dykk ønskjer skal behandlast både i brukarstyret og på varsla brukarsamlingar som er i regi av Oppad.

Oppad AS har ingen medbestemningsrett over kontingenten til brukarforeininga.

Det noverande styret består av personar som bor i Stryn, Hallingdal, Værnesregionen og Rygge. Man kan ikkje forvente at arbeidsgjevarane til styrets medlemmer skal fortsette å dekke disse utgiftene. Har vi overskot et år, kan kontingenten bli satt ned.



Styret blir valt for et/to år av gangen, som alle andre foreiningar skiftes styret ut og nye medlemmer kan derfor geografisk være fordelt utover landsdelen etter kvart som Oppad sin kundemasse utvidast. Reisetid og utgifter til styret vil derfor etter kvart som styret skiftes ut være i stadig endring.

Korleis melde seg inn i Oppad brukarforeining ?

Dersom du ønskjer å melde deg inn i Oppad brukarforeining eller lurar på noko i forbindelse med OBF eller denne informasjonen, ta kontakt med ein av personane nedanfor:

- Frode Vik: frode.vik@stryn.kommune.no
- Helen Astring: helen.asting@rygge.kommune.no
- Anne Kari Ravlo: annekari.ravlo@stjordal.kommune.no
- Grete Svarteberg Lundekvam: grete.svartberg@aal.kommune.no

Vi oppfordre alle brukarar av Oppad til å melde seg inn i OBF – Oppad brukarforeining.

Vi er ein organisasjon av Oppad brukarar for Oppad brukarar.